

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 08.11.2017

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Endringsforslag til pkt. 1:

1. Fylkesutvalet oppmodar dei sju industriverksemndene om å halde fram med, og helst (*strykes*) intensivere arbeidet med optimalisering av drifta for å redusere utsleppa av klimagassar.

Endringsforslag:

Pkt. 6: Avfallsindustrien er ikkje kvotepliktig, men står for store utslepp, mellom anna frå brenning av matavfall og plast. *Siste del strykes: CO₂-fangst må utgriast på forbrenningsanlegget i Rådalen.*

Golis trekte forslaget sitt.

Stein Inge Ryssdal (H) sette på vegner av H og MDG fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 1:

Fylkesutvalet oppmodar dei sju industriverksemndene om å intensivere arbeidet med å optimalisering av drifta for å redusere utsleppa av klimagassar.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 8 røyster mot 7 røyster (H, MDG, Frp, V) for Ryssdal sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2-6 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet oppmodar dei sju industriverksemndene om å halde fram med, og helst intensivere arbeidet med optimalisering av drifta for å redusere utsleppa av klimagassar.
2. Fylkesutvalet støttar satsinga på omlegging frå fossil til fornybar energi i prosessindustrien. Ei omlegging her vil gi store utsleppsreduksjonar og kan vere ein inspirasjon til andre verksemder om å gjere det same.
3. Fylkesutvalet vil understreke hastemomentet i arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå industrien. Det europeiske kvoteregimet er i dag ikkje eit effektivt nok verkemiddel til å oppnå måla som er satt for 2020 og 2030. Fylkesutvalet ber Olje- og energidepartementet om å revurdere vedtaket om at Enova ikkje lenger skal gi støtte til energileiingstiltak i kvotepliktig sektor. Det er framleis behov for nasjonale verkemidlar og incentivordningar retta mot kvotepliktig industri.
4. Forsking og teknologiutvikling er nødvendig for å oppnå optimalisering og omlegging i industrien og kan føre til ny industriell aktivitet med klimavenleg profil. Samarbeidet mellom forskingsmiljøa og industrien på Vestlandet må styrkast ytterlegare, og Fylkesutvalet vil medverke til det.
5. Karbonfangst og –lagring er ein nødvendig del av løysinga på klimautfordringane. Teknologisenteret på Mongstad må utviklast vidare. Pilotprosjekt for lagring av CO₂ må gjennomførast.
6. Avfallsindustrien er ikkje kvotepliktig, men står for store utslepp, mellom anna frå brenning av matavfall og plast. CO₂-fangst må utgriast på forbrenningsanlegget i Rådalen.